



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9103 - 23/27620

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
12.04.2023

## Oversending av klage til endeleg avgjerd - gbnr 106/7 Fanebust

Saka gjeld klage på gebyr for brot på plan- og bygningslova.

Alver kommune gjorde 27.01.23 følgjande vedtak:

**Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 fyrste ledd bokstav b jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 fyrste ledd bokstav a nummer 2 vert Ingvar Fanebust ilagt eit gebyr for på kr 10 000,- for uaktsamt brot på plan- og bygningsloven §1-8.**

**Med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) §32-8 fyrste ledd bokstav f jf. byggesaksforskriften (SAK10) § 16-1 fyrste ledd bokstav h nummer 2 vert Ingvar Fanebust ilagt eit gebyr for på kr 20 000,- for forseetteleg brot på plan- og bygningsloven.**

Vedtaket er klaga på av Ingvar Fanebust i brev motteke 16.02.23. I klagen anførast det at arbeidet vart gjort i samråd med jordskifte og grunneigarar og i god tru og at det ikkje var intensjon om å gjere noko ulovleg.

### Vurdering:

Alver kommune har gjennomgått momenta i klagen.

Alver kommune kan ikkje sjå at det har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for vårt vedtak datert 27.01.23.

Utover redegjørelse som ligg til grunn for vedtak om gebyr for brot kan det tilføyast følgjande:

- Gebyr etter §16-1 bokstav a nr 2 er ilagt på bakgrunn av at det utførte arbeidet vart satt i gang utan at det låg føre søknad om godkjenning. Det var først etter oppfølging frå kommunen at søknad vart sendt inn.
- Gebyr etter §16-1 bokstav h nr 2 er ilagt på bakgrunn av at det ved retting i 2018 vart gitt uriktige opplysningar til kommunen. Tiltakshavar forespurte kommunen i 2018 om rettingsarbeidet kunne gjerast ved tildekking og tilsåing. Kommunen gjorde i brev datert 29.05.18 ei konkret vurdering rundt rettingsarbeidet med følgjande konklusjon:

Samtlege av partane har no uttalt seg i saka, og rammene for tilbakeføring er no satt. Vegen skal tilbakeførast som ei gangveg med maks breidde på 1,2 meter. Overskuddsmassar utover dette må difor fjernast.

Når det gjeld bruk av fylkesveg og/eller deler av den Trondheimske postveg for fjerning av massar, må De gå i dialog med Statens Vegvesen da dette ligg utafor kommunens forvaltningsområde.

Kommunen fekk 21.11.18 tilbakemelding frå tiltakshavar om at det ulovlege tilfellet var retta i tråd med retningslinjer gitt av kommunen:

**Vegen på Naustneset er no tilbakeført til gangveg med breidde 1,2 m. Overskytande massar er fjerna, og jord er tilkjørt for tilbakeføring av terrenget. Pålegg om dette i brev fra Lindås Kommune, datert 03.10.18. Vedlagt følger foto som dokumentasjon.**

Seinare motteken informasjon på saka viser at rettingsarbeidet vart gjort ved tildekking og tilsåing og at rettingsarbeidet ikkje vart utført slik du opplyste i brev av 21.11.18.

Klagen vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ingvar Fanebust

Fonnestvegen 156

5955

LINDÅS

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER